

# Høringsuttalelse (KF-340)



Referansenummer: CMPDK6

Registrert dato: 26.08.2019 20:39:59

Antall vedlegg: 4

## Innledning

Uttalelsen gis

Personlig

På vegne av foretak/lag/forening

### Opplysninger om innsender

Fornavn

Idar

Etternavn

Molvik

Adresse

Molvikavegen 490

Postnummer

5993

Poststed

OSTEREIDET

Telefon

97727775

E-post

idar@pudderjagar.no

## Høringsuttalelse

### Høringsuttalelse

Velg høringsuttalelse:

Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

Oppheving av reguleringsplan Nappane

Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031

### Uttalelse

Eg hadde eit innspel til KF-340 om å endra LNF område til "spredt naustområde" på G/B: 225/4 på Haukøy som er sila ut.

I dag ligg da ei sjøbu og eit naust på bruket men ingen fungerende kai for skyssbåt eller andre båtar for frakt av matrialar til bruket. Sjøvegen er einaste tilkomst. Bruket er på ei øy utan vegforbindelse til fastlandet eller mellom bruken på øya. Bruket er frå 1894 og er opp gjennom tidene vedlikehalde. Me hadde inne båten "Roslagen" med sine 45 meters lengde. Dette var veldig krevande med tanke på skade på båten sidan me ikkje har nokon form for kai som båten kan ligge mot. Med fint vær og roleg sjø gjekk da fint denne gongen.

Eg har båten min liggjande på bruket om sommaren og derfor må me bruka Skyssbåten. Denne ruta vart no forlenga med 5 nye år mykje takk til Lindås kommune som har støtta anbudet økonomisk. Problemet med skyssbåten er at da ikkje er kai å legge til og ein er avhengig av godt vær. I dag brukar me berget der lastebåten ligg, sjå vedlagt bilde. Skyssbåten kan kun legge til med baugen, ikkje sida. Dette gjer da unødvendig vanskeleg og lite trygt å kome seg i

land med bagasje og anna.

Da er problem med å bygge kaien i nærleiken av nausta sidan djupna utanfor naustet bare er 0,3m på normal fjære sjø og skyssbåten krever 2m. Når da er stor fjære så er da akkurat at båten min kan ligge der dere ser den ligg på bildet. Som dere ser av oversiktsbildet så har eg tegna inn grensa for kor langt inn skyssbåten kan gå. (Den ytterste heiltrekte lingja på PDF vedlegg). Der lastebåten har lagt til i dag er det djupne nok til å ta inn store båter uansett tidevann. Inngrepet her er minimalt og består i å rette opp fjellet utan å sprengje samt bygge ut front ca 0,3m pga en liten hylle. Skyssbåten treng ca 4m kaifront. Her er også etablert vei ned til stedet sidan dette har vært det naturlige stedet å ta inn båtar.

Me har derfor kome med innspel om å få endra området rundt nausta frå LNF til "spredt naustbebyggelse". I grovsilinga vært da kommentert at me vil endra til naustbebyggelse men da stemmer ikkje. Da skal være "spredt naustbebyggelse". Da er ikkje nokon planar om å bygge anna enn ein kai slek at adkomst til bruket kan gjerast på ei sikker måte. Difor er da viktig for oss å få denne endringa så me kan få ein enklare søknadsprosess for kaien.

Dette vil og ha veldig stor betydning for kor godt me kan ivareta kulturlandskapet på Haukøy. I dag går da ei turistrute fast 3 gonger for dagen forbi bruket.

### Vedlagt dokumentliste

20180714\_132033.jpg

20180714\_131950.jpg

20180714\_132054.jpg

GB 225\_4 Liabakken, Haukøy.pdf